

# BULLETIN 6

Torsdag 4. august 2011



Gull NM Par

Ovesen & Halderaker

## Leder

Parfinalen var som vanleg ei stor glede å fylgje med på. Litt lenger ute i denne bulletinen finn du historia om dei to siste spela, der Bjørnar Halderaker og Jo Arne Ovesen gjorde det maksimalt spanande for seg sjølve. Men dei trekte altså det lengste strået til slutt, og det er berre å stille seg i køa av gratulantar etter ein samla sett svært sterk prestasjon. Halderaker verka som ein svært glad mann då han åleine entra podiet for å motta gullmedaljen; han skulle reise heim og måtte difor opp før dei andre medaljørane, som vi ikkje får sjå på pallen før i morgen.

Då byrjar også lagtevlinga, der eg og mange med meg kvart år vinn ein trøystepremie og ingenting meir. La oss håpe at dette er året då trenden snur og vi utskjelte listefyllspelarar kan ta steget heilt opp i elitens sfærar.

## Pallen Patton



# Program fredag 5. august

<b>Start</b>	<b>Slutt</b>	<b>Turnering</b>	<b>Ant. spill</b>
10:00	14:00	NM Monrad Lag, 1. sesjon	28
10:00	12:41	Sideturnering 13	21
12:00	17:22	Kretsturnering 7	42
13:30	17:00	Ruternålturnering 7	21
15:30	20:30	NM Monrad Lag, 2. sesjon	35
15:30	18:57	Sideturnering 14	27
21:30	23:25	Kveldsturnering 7	15

## OBS!


Kveldsturneringen arrangeres på festival hotellet!

## OBS!

Kretsturneringen starter klokken 12:00! 42 spill.

## OBS!

Ruternålturneringen starter klokken 13:30!




# Intuisjon?

To av mine kompanjongar i hobbyjournalistyrket noterte same gladresultat på dette spelet frå femte kamp i Patton.



♠ A942  
♥ K8  
♦ AKQT65  
♣ 2

♠ 765  
♥ AT32  
♦ 842  
♣ 976



♠ QJT  
♥ QJ96  
♦ J3  
♣ AK43

♠ K83  
♥ 754  
♦ 97  
♣ QJT85

Vest	Nord	Aust	Sør
pass	1 ru	pass	1 hj
pass	1 sp	pass	3 NT
pass	6 ru	pass	pass
	pass		


Vegard Brekke og Arild Jakobsen som båe sat nord, melde visstnok heilt identisk. Direkte akademisk var vel ikkje akkurat meldingsforlaupet, men ein kjem jo faktisk eit stykke med den argumentasjonen Tommy Sandsmark vanlegvis brukar til å underbyggje aksjonane sine i Ekspertklubben: "Jeg hopper i det," – "Jeg tar en sats," – "Et skudd fra hofta," også vidare. 6 ruter var ikkje den verste kontrakten verda har sett, men baud på eit ekkelt

val: Kløver dame kom på båe bord ut til esset, og båe speleførarar stakk og spela hjarter. Båe vestsspelarar var på høgda og stakk med hjarter ess, noko dei må gjera om ikkje hjartertaparen like etterpå skal forsvinne på kløver konge. Ikkje uventa kom sparskiftet kjapt, og så måtte både Brekke og Jakobsen bestemme seg for om vest hadde spar konge, eller om hjarterlengda sat saman med ruterlengda, slik at ein skal stikke, ta hjarter konge, ruter ess, ruter til knekten og hjarterstikka. Båe gjorde rett! Det er vanskeleg å rekne ut på kuleramme kva som er matematisk riktig her, men eg tviler vel på at den speleplanen som altså vart vald kan ha betre sjansar enn berre å ta sparkappen. Vi får kalle det intuisjon, motspelarane vil kanskje snarare bruke ordet flaks. Men det er sjølv sagt eit faktum at folk flest nok har lettare for å vri spar i denne situasjonen viss dei ikkje har kongen enn om dei har han.

I ettertid påpeikte min assistent Marianne Fossum Mathiassen at det faktisk finst eit tridje alternativ i dette spelet: Viss ein reknar med å få sparskift, og altså har bestemt seg for at ein trur kongen sit bak, så er det kanskje riktig å kaste hjarter konge under esset? Ein har jo nemleg ein kutt tilgjengeleg i den fargen òg, på niaren, og då kan ein ta seg tid til å trekkje ut trumfen først. Marianne understrekar at dette berre er eit forslag, nærmast kuriosa, men at ho sjølv ville vald denne planen mest i håp om å mislykkast med han. For ville ikkje lagkameratane fått noko å gruble på, om ein kom til samanlikning og hadde gått *to* beit i 6 ruter? Spesielt om sparkongen faktisk hadde sete i kapp.

# Kuttane går

Oddmund Midtbø frå Askøy BK tok eit hav av stikk i denne utgangen torsdag formiddag. Det var litt synd at han spela IMP's across the field og ikkje Parfinalen.



Sør spela hjerter ut til esset, og ein ny hjerter kom attende til kongen med ruteravkast i bordet. Midtbø spela kløver til knekten som stod, drog spar ti, tok spar konge og ein ny sparkapp før han gjekk attende til kløveren. Kongen kom som bestilt, kløver til handa, ut med spar ess og resten av kløverstikka, og sanneleg tok han også ruterkutten for det tolvte stikket i dette kalaset. Å vinne utgang er naturlegvis ikkje dårleg i IMP-tevling, men 680 hadde nok, relativt sett, gjeve langt større pluss i ei ordinær partevling. Like fullt eit hyggeleg spel å tenkje attende på.

Vest	Nord	Aust	Sør
Hildre		Midtbø	
1 ru	pass	1 sp	pass
2 ru	pass	2 NT	pass
4 sp	pass	pass	pass

Til Arve Hjelm

Jeg er ubeskrivelig glad i Dej!!!



Janne-Iren

## Festivalens eldste deltakar

Her om dagen hadde vi eit kort innslag om det som truleg er festivalens yngste spelar, ni år gamle Sofie Græsholt Sjødal. Då verka det naturleg også å ta ein prat med den eldste, Axel Mathiesen på 96. I dag spela han kretsturnering, men vi rakk å veksle nokre ord med han i forkant.



Mathiesen kan fortelja at han byrja med bridge i ein alder av ti. Kvar sundag ettermiddag samla han og mange andre ungdomar seg på Victoria Hotell i Stavanger og spela duplikatbridge. Dei hadde ikkje mapper den gongen, korta låg i lønningskonvoluttar. Han har enno i si forvaring eit bridgeklenodium av dei sjeldne, den handskrivne medlemsprotokollen frå Stavanger bridgeklubb i året 1934. Det var gode tider for bridgen den gongen, fortel Mathiesen, både før og under krigen vart det spela mykje på eit bra nivå, men på eigne vegner er han beskjeden og seier han ikkje har det store av resultat å vise til. Vel, han


nemner at han budde over tjue år i Trondheim og spela i dei berømte Firkantturneringane, no er han busett på Hamar, og sidan Skien i år 2000 har han vore på kvar einaste bridgefestival med unnatak av éin.

Vi er sikre på at Mathiesen har mangt og mykje meir han kunne fortald frå eit bridgekarriere lengre enn nokre andre her kan vise til. Men det får bli til neste år, for som oss andre er han her fyrst og fremst for å spela bridge, og i skrivande stund er kretsturneringa godt i gang. I redaksjonen heiar vi på Mathiesen.

## Godt motspel

Per Watz har innrapportert eit motspel han vart utsett for av Eva Hagen i ei sidetevling i går.


Aust opna 1 grand, og derifrå var vegen kort til den gode kontrakten 6 spar i aust. Motparten hadde vore tause bortsett frå ei utspelsdirigerande dobbling av ei rutermelding, og ganske riktig kom det ruter ut som måtte stelast i bordet. Speleførar heldt fram med ess, dame i spar, spela deretter hjerter til kongen og ein kløver. Eva Hagen i sør la naturlegvis liten fyrste gongen, kongen vann stikket, før speleførar entra handa si på ein hjerter. Han prøvde seg med ein ny kløver mot bordet og rekna vel med at det ville ordne seg på eit vis, men Hagen var på høgda og la liten, og plutseleg kom nord inn på knekten sin. Han hadde berre ruter å spela, men det var godt nok, for speleførar var trumfmatt og måtte gå beit. Kanskje ikkje den mest overtydande speleføringa verda har sett, men det forringar ikkje det gode motspelet til Eva Hagen.



## Kortlesing og sluttspill


Alf Helge Jensen

Jo-Arne Ovesen viste at han behersker kortlesingens edle kunst i dette spillet fra parfinalen:



Nord åpnet med 1 hjerter, Jo-Arne i øst meldte inn 2 kløver, syd doblet negativt og pass rundt. Nord satset på at fem trumf skulle være nok.

Det kom trumf ut til esset og ny til dama. Dermed var nord plassert med minst ti «myke» kort. Ruter til tieren stakk syd med knekten og skiftet hjerter dame som gikk til kongen hos Jo-Arne. Han fortsatte med tre ganger kløver, spar til esset og ruter til esset. Dette var sluttposisjonen:



Nord var strippet for alt unntatt hjerter. Syd skulle selvsagt hatt to spar igjen, men det gjorde ikke noe når hjerteren han hadde var så liten. Nord var dømt til å komme inn da Jo-Arne spilte hjerter til dukt. Nord måtte gi bordet stikk for hjerter knekt til slutt. Det var det åttende stikket og 40 pluss.

## To gonger 3 grand

Bjørnar Halderaker og Jo Arne Ovesen hadde ein glimrande femte sesjon i Parfinalen. I to spel vi har fått innrapportert var spesielt Halderaker svært aktuell.

♠106			
♥AQ10865			
♦J6			
♣963			
	N	V	S
♠AKQ3			
♥KJ7			
♦Q4			
♣Q1082			
		♦	
♠J952			
♥94			
♦52			
♣AKJ54			

Her sat Halderaker sør i fyrste hand gunstig. Dei fleste ville vel passa, men Halderaker var i dytten og vurderte handa, som unekteleg har stort potensiale, til ei kløveropning. Vest meldte inn 1 grand, Ovesen i nord sa 2 hjarter, og aust avslutta meldingsforlaupet med ein høgst forståeleg 3 grand. Problemet var berre at Halderaker og Ovesen med sine eigne meldingar hadde gjort motspelet enkelt for seg. Ein kløver kom ut til kongen, og hjarter igjennom, kløver attende til esset og ny hjarter etterlét speleførar med stusslege fem stikk. Det var ein tridelt nestopp og gav 38 pluss. Kassa på spelet gjekk til Jan Petter Svendsen og Atle Sæterdal, som henta fem beit i 4 grand.

♠AJ105			
♥J864			
♦K3			
♣1083			
	N	V	S
♠Q632			
♥Q2			
♦J10852			
♣J5			
		♦	
♠K94			
♥A53			
♦A74			
♣AK72			



Halderaker hadde igjen plassert seg sør, og som i ein annan 3 grand i denne bulletinen var det Hauge og Helness som hadde den tvilsame æra å sitja imot. Ruter knekt var eit normalt utspel. Halderaker dukka den fyrste, og inne på bordet på ruter konge i andre stikk drog han kløver ti! Eg har aldri reflektert over handsaminga av akkurat denne fargekombinasjonen, kva som er det tekniske riktige, men tiaren ser fornuftig ut og gjorde i alle fall susen no, då Helness dekte med dama. No kunne Halderaker stikke, ta for kongen og spela liten til åtta slik at sjua vart god. Då han etterpå fann spardama vart det ti stikk og 32 pluss. Merk at han sjølv sagt kan få tri kløverstikk også om Helness ikkje dekkjer kløveren. Knekten vinn fyrste stikket, men så kan ein bruke sparen til å dra kløver to gonger mot handa, og altså kutte opp dame, ni framfor ess, konge, sju. Men det blir eit gjettverk, det ser dumt ut å spela såleis om fargen sit 3-3 og aust har anten dama eller nia i lag med kløverknekten sin.

## Ein utruleg finish

Avslutninga på Parfinalen vart maksimalt spanande då dei to øvste para skulle møtast i aller siste runde. Bjørnar Halderaker og Jo Arne Ovesen leia med så vidt over hundre poeng, men to elendige spel mot far og son Eide må ha gjeve dei ei heller ekkel kjensle fram til sluttresultata omsider kom på skjermen og det endeleg var klårt: Dei hadde vunne med knappe fire poeng.



♠K10973  
 ♥---  
 ♦AK874  
 ♣KJ8


♠652  
 ♥A109874  
 ♦J6  
 ♣Q6

♠AQ  
 ♥KQ6  
 ♦Q932  
 ♣A742

Vest	Nord	Aust	Sør
L. Eide	Ovesen	H. Eide	Halderaker
pass	2 hj	pass	2 sp
pass	3 ru	pass	3 hj
pass	3 NT	pass	4 sp
pass			pass

Ting kan tyde på at det var forvirring rundt meldinga 3 hjarter, skjønt eg nok er overtydd om at Halderaker hadde retten på si side her. Det må i alle fall vera meir fornuftig å ha 3 hjarter tilgjengeleg for å vise

rutertilpass enn at det skal vera naturleg, for ein vil helst ikkje vera nøydd til å melde 4 ruter og gå forbi 3 grand kvar gong ein har rutertilpass. Viss 3 hjarter er naturleg er det for så vidt fornuftig å seia 3 grand på nords kort, men denne gongen var det heilt katastrofe. 7 ruter var ein god kontrakt, og 6 ruter med 13 ville gjeve litt under middels. 3 grand med 13 gav minus 36.




Vest	Nord	Aust	Sør
L. Eide	Ovesen	H. Eide	Halderaker
pass	1 NT	2 ru	2 hj
pass	pass	2 sp	3 hj
3 sp	pass	4 sp	pass

2 ruter viste ein major. 2 hjarter var ei temmeleg forsiktig melding, men truleg ville far og son Eide meldt 4 spar uansett kor høgt Halderaker hadde meldt, då spørst det om motparten også finn stampen i 5 hjarter. Vel, par score på spelet var 650, for i sparkkontrakt er det elleve ess slik det sit. Harald Eide fekk sågar tolv, då forsvarer innleia med to gonger ruter og han kunne stela, spela kløver til bordet, ta sparkappen og like etter bli kvitt hjartertaparen på kløveren. Litt merkeleg var det at dette var berre 13 pluss til Eides, men på slike store spel skjer det unekteleg mykje merkeleg. Halderaker og Ovesen hadde altså marginane på si side denne gongen, og det vart ein litt bitter, men likevel svært imponerande andre plass til Lars og Harald Eide som verkeleg må ha hatt trua på gull etter sisterunden.

## Aaseng eig bordet

Lasse Aaseng viste klasse både på den eine og andre måten i eit spel frå femte sesjon i Parfinalen.




Vest	Nord	Aust	Sør
Hauge	Herr Harr	Helness	Aaseng
1 sp	1 ru	pass	1 hj
pass	x	pass	3 NT

Meldingsforlaupet skal få vera ukomentert; ut mot denne kontrakten kom i alle fall ein kløver frå Rune Hauge. Helness har vore ute ein vinterdag før og greidde å leggje åttaren. Nia tok altså stikket, så ruter til kongen. Når den fargen sat drog Aaseng, framleis utan temposvikt, hjarter dame til Helness' ess. Sjølv for vinnaren av årets Springold var det vel ikkje så lett å spela hjarter attende? Helness skal vera glad det ikkje fanst ein Aaseng i Toronto. Verdsmeisteren spela kløver, og no vurderte Aaseng å hive korta i veggen og krevja sine ti stikk. Men som han vakkert formulerte det så ville det ta lengre tid å forklare motstandarane korleis spelet skulle gå enn å faktisk gjennomføre det. Så han Lasjertere kløveren og kasta ein hjarter på den neste, drog ein masse ruter og trong berre å fylgje med på kva Hauge kasta. Då han blanka hjarter konge for å halde tri av sparane sine, var det berre å avblokkere spar ess og spela Hauge inn på kongen. 430 hadde stått seg brukbart til og med i Springold.

## Presist formulert

Gjermund Rekstad gjorde ikkje akkurat noko eksepsjonelt reint bridgeteknisk i dette spelet frå Patton, men han utviste eit klårsyn som nok vil bringe han mange poeng i det lange laup.





♠ Q64	♠ 732
♥ 843	♥ 75
♦ KQ9762	♦ JT3
♣ 5	♣ T9843
♠ AKT	♠ J985
♥ AKQJ	♥ T962
♦ 854	♦ A
♣ AJ6	♣ KQ72

Han høyrdet 2 kløver i opning frå makker Lars Arthur Johansen, sa 2 ruter og fekk 2 grand som viste 22-23. No sa han forståeleg nok pass, og idet han la ned bordet, medan Kjell Gaute Fyrun endå heldt utspelet fordekt, annonserte han: "Eg skulle kanskje lagt på, for det kjem sikkert ruter ut så knekten blir inntak til kløveren."

Då kongen viste seg tok heile bordet ein lengre pause for å le. Pausen vart ytterlegare utvida då John Vegard Aa svara blindemann med orda: "Og betre skal det bli ..." – og måtte leggje ruter ess.

Om Rekstad skulle løfta? Ja, det vart endåtil eit tiande stikk i kontrakten.





## Resultat NM par

Plass	Poeng	%	Navn	Lag
1	776,8	55,4	Jo Arne Ovesen - Bjørnar Halderaker	Ski BK
2	773	55,4	Lars Eide - Harald Eide	NBF Hedmark og Oppland
3	731,6	55,1	Rune Brendeford Anderssen - Peter Marstrander	Tromsø BK
4	693,9	54,9	Jan Tore Solli Berg - Jørn Arild Ringseth	bliBest.bridge
5	685,9	54,8	Johnny Holmbakken - Frode Johnstuen	NBF Hedmark og Oppland
6	681	54,8	Kjell Otto Kopstad - Ole Kristoffer Kopstad	NBF Vestfold
7	661,7	54,6	Asbjørn Kindsbekken - Terje Lie	NBF Møre og Romsdal
8	650,8	54,6	Tolle Stabell - Leif Erik Stabell	Tøffelklubben - Bridgekameratene
9	589,8	54,1	Roger Fagerdal - Tommy Kristiansen	NBF Helgeland
10	545,5	53,8	Ove Andersbakken - Karl Morten Lunna	NBF Gudbrandsdal
11	531,1	53,7	Dagfinn Kristiansen - Paal Risnes	NBF Troms og Ofoten
12	513,4	53,6	Sondre Labraathen Hogstad - Andre Øberg	NBF Telemark
13	510,9	53,6	Aksel Hornslien - Olav Arve Høyem	NBF Midt-Trøndelag
14	478,5	53,4	Geir Hjelmeland - Geir Hoff	NBF Sogn og Fjordane
15	449,1	53,1	Atle Sæterdal - Jan Petter Svendsen	OBK/Kløverknekts
16	447,7	53,1	Steingrim Ovesen - Jan Einar Sætre	NBF Troms og Ofoten
17	432,7	53	Øyvind Ludvigsen - Jan Mikkelsen	NBF Oslo
18	416,2	52,9	Runar Lillevik - Harald Nordby	NBF Oslo
19	404,3	52,8	Geir Brekka - Jon Egil Furunes	Kristiansands BK
20	374,2	52,6	Tore Olsen - Per Egil Westin	NBF Aust-Agder
21	373,1	52,6	Lars Øivind Allard - Håvard Jensen	NBF Buskerud
22	366,4	52,6	Nils Kåre Kvangeren - Roar Voll	NBF Vest-Agder
23	355,7	52,5	Sigurd Evjen - Vidar Smith	NBF Buskerud
24	333,4	52,3	Per Bjerkan - Bjørn Buer	NBF Romerike
25	316,6	52,2	Tor Helness - Rune Hauge	NBF Rogaland
26	307,3	52,2	Idar Lyngen - Øystein Ree	NBF Salten
27	292,2	52	Geir Egil Bergheim - Odd A. Frydenberg	NBF Buskerud
28	292,1	52	Finn Brandsnes - Tommy Sandsmark	NBF Oslo
29	259,1	51,8	Trond Hantveit - Sam Inge Høyland	NBF Oslo
30	254,5	51,8	Ivar Berg - Håkon Kippe	NBF Midt-Trøndelag
31	235,1	51,6	Tor Bakke - Helge Hantveit	NBF Hordaland
32	233,3	51,6	Knut Ivar Pettersen - Ivar Røystrand	NBF Hordaland
33	205,7	51,4	Tom Anders Høiland - Snorre Aalberg	NBF Vest-Agder
34	203,3	51,4	Tor Arild Bergendahl - Terje Garseg	NBF Østfold og Follo
35	175,9	51,2	Helge Mæsel - Roald Mæsel	NBF Vest-Agder
36	155	51,1	Sverre Johnsen - Anna Maria Malinowski	NBF Østfold og Follo
37	128,2	50,9	Jan Kristen Lutro - Trond Are Nitter	NBF Hordaland
38	103,5	50,7	Gunnar Harr - Lasse Aaseng	NBF Oslo
39	73	50,5	Arne Almendingen - Olav Hjerkinn	NBF Østfold og Follo
40	52,7	50,4	Sjur Ajer - Arild Årmot	NBF Telemark
41	41,3	50,3	Jan Frode Karlsen - Are Aarebrot	NBF Oslo
42	35,4	50,2	Egil Hansen - Jørn Johansen	NBF Østfold og Follo

43	20,8	50,1	Jonny Hansen - Siv Thoresen	NBF Østfold og Follo
44	-56	49,6	Ole Arild Berset - Bjørn Olav Ekren	NBF Møre og Romsdal
45	-69,5	49,5	Joar Haugseth - Stig Vestveit	NBF Østerdal
46	-70,9	49,5	Anne Irene Bogen - Frank Bogen	NBF Helgeland
47	-82	49,4	Robert Althe - Knut Storeide	NBF Nord-Trøndelag
48	-123,4	49,1	Frode Cantona Nybo - Geir Enge	Namsos BK
49	-130,4	49,1	John Ivar Seiersten - Svein Seiersten	NBF Buskerud
50	-131,5	49,1	Finn Brentebråten - Jan Guldbrand Ohren	NBF Buskerud
51	-135,7	49	Rune Bjelland - Trond Knutsen	NBF Rogaland
52	-141,8	49	Finn Fonnaas - Geir Langdalen	NBF Østerdal
53	-146,9	49	Torbjørn Høie - Arild Lauvsnes	NBF Rogaland
54	-153,9	48,9	Henrik Livgård - Even Morken	Askim BK - Studentenes BK
55	-165,5	48,8	Knut J. Kaupang - Arvid Måkestad	NBF Haugaland
56	-167,1	48,8	Stine Holmøy - Haldor Sunde	NBF Hordaland
57	-187	48,7	Thorstein M. Buserud - Olav Engen	Roverud og Lunderseter BK - Kirkenær BK
58	-196,7	48,6	John Hallvard Skoglund - Tore Skoglund	NBF Østerdal
59	-232,6	48,4	Marius Bartnes - Vidar Morken	NBF Gudbrandsdal
60	-242,9	48,3	Alf Helge Jensen - Aud Veseth	NBF Øst-Finnmark
61	-250,6	48,2	Kåre Bogø - Odd Kjønsvik	NBF Sør-Trøndelag
62	-256	48,2	Arne Bjørndahl - Trond Wiborg	NBF Romerike
63	-261,7	48,2	Svein Myklebust - Karsten Syversen	NBF Hedmark og Oppland
64	-265,7	48,1	Ingmund Bjørkan - Kjetil Krogh	NBF Midt-Trøndelag
65	-293	47,9	Ove Hjelvik - Vemund Vikjord	TopBridge BC - OBK/Kløverknekt
66	-304	47,9	Olav Andersen - Ragnar Midjo	NBF Nord-Trøndelag
67	-307,8	47,8	Magnus Bruun Larssen - Jon Martin Tøsse	NBF Østfold og Follo
68	-338,8	47,6	Trond Hegrand - Are Sivertsen	Furuflatens Bridge og Hopp klubb - Tromsø BK
69	-341,1	47,6	Svein Arne Munkvold - Bjørnar Olaussen	NBF Troms og Ofoten
70	-374,2	47,4	Nils-Otto Eliassen - Steinar Svalstad	Kongsvinger BK - Lillehammer BK
71	-374,8	47,4	Arnt Ola Fidjestøl - Tor Fjeldstad Bølum	BK Grand - Bridgekameratene
72	-399,9	47,2	Ivar Bull - Lemet Ivar Hætta	NBF Vest-Finnmark
73	-442,5	46,9	Kåre Kvamsdal - Leif Kvamsdal	NBF Sogn og Fjordane
74	-448,3	46,9	Arnfinn Johansen - Jan Erik Pettersen	NBF Salten
75	-516,1	46,4	Arild Hoff - Jens Sagevik	NBF Sogn og Fjordane
76	-545,9	46,2	Svein Erik Bull - Odd Arne Fosli	NBF Vest-Finnmark
77	-553,6	46,1	Finn Fyllingslid - Øystein Meling	NBF Hordaland
78	-566,4	46	Erik Eliassen - Odd Ingve Reve	NBF Rogaland
79	-567,2	46	Christian Bakke - Gunnar Klette	NBF Hordaland
80	-623	45,6	Arnfinn Bolland - Trond Stafne	NBF Sør-Trøndelag
81	-687,3	45,2	Hans Herman Kalhagen - Stig Rune Kjos	NBF Sogn og Fjordane
82	-716,3	45	Børre Lund - Olav Lomsdal	Heimdal BK - Jessheim BK
83	-746,8	44,8	Arne Georg Aunøien - Jon Sagbakken	NBF Østerdal
84	-909,7	43,6	Asbjørn Anthonsen - Thore Sundfær	NBF Øst-Finnmark
85	-1015,5	42,9	Johannes Pedersen - Johnny Åsen	NBF Lofoten og Vesterålen
86	-1529,5	39,3	Magne Indreiten - Kjell R. Rahd	NBF Vestfold

## Resultat IMP

Plass	Poeng	Navn	Klubb
1	3326	Vegard Brekke - Sten Bjertnes	Jessheim BK - TopBridge BC
2	3070	Kurt Ove Thomassen - Bjørn Erik Rydland	Båsmo BK
3	3033	Kristian Barstad Ellingsen - Geir Larsen	Heimdal BK - Stavanger BK
4	2920	Liv Marit Grude - Kristoffer Hegge	Sømna BK - Singsås BK
5	2761	Dag Jørgen Stokkvik - Erik Sælensminde	Kverneland BK
6	2540	Per Bryde Sundseth - Knut Kjærnsrød	
7	2536	Trygve Undem - Arne Sudland	Lyngdal BK - Farsund BK
8	2533	Gjermund Rekstad - Lars Arthur Johansen	Larvik og Tjølling BK - Singsås BK
9	2518	Sven Olai Høyland - Jim Høyland	Bergen Akademiske BK - BK Augvald
10	2497	Jan Erik Olsen - Karl Christian Baumann	Stavanger BK - Kristiansands BK
11	2427	Arnfinn Helgemo - Bård Kåre Græsli	Singsås BK - Heimdal BK
12	2295	Kjell Gaute Fyrun - Per Ove Grime	BK Norrøna
13	2117	Bjørn Bergersen - Helge Berg	Lørenskog BK
14	1982	Håkon Bogen - Jack Holand	Rognan BK - Båsmo BK
15	1943	André Hagen - Kristian Stangeland	Aurskog BK - Nærø BK
16	1806	Leif Bakke - Helge Vallestad	Melandsknekten BK
17	1627	Hallgeir Gåsø - Stein Bjerkset	Frøya BK - Berkåk BK
18	1523	Tor Walle - Arvid Lorentzen	Nøtterøy BK
19	1463	Tove Haugen - August Olason	Bergen Akademiske BK - Odda BK
20	1454	Steinar Ekren - Odd Roar Smisefoss	Sundalsøra BK
21	1435	Hans Noreng - Terje Auran	Heimdal BK
22	1368	Geir Aage Mogren - Sigbjørn Øye	
23	1287	Espen Larsen - Lars Wilhelm Kvarsvik	Elverum BK - Studentenes BK
24	1252	Gitte Hecht Johansen - Bård Risnes	Svolvær BK
25	1106	Morten Hermansen - Vidar Kjøraas	Golia BK - Åsane BK
26	1105	Olav Molberg - Asbjørn Skramstad	Ridabu BK
27	1074	Terje Nyborg - Tormod Røren	TopBridge BC - Vikersund BK
28	1056	Tor Anders Hauge - Joleiv Midttveit	Os BK
29	983	Dag Håvard Skogholst - Henning Pettersen	Haga BK - Jessheim BK
30	879	Lars Rasch - Anders Fodstad	TopBridge BC - OBK/Klöverknekt
31	743	Svein Christian Johannessen - Bjarne Erlandsen	Bergen Akademiske BK - TopBridge BC
32	733	David Ueland - Ingvald Søiland	Rekrutteringsklubben Ruter 7 - Nærø BK
33	732	Henrik Gosvig - Eirin Halvorsen	Harstad S&BK - Bridgekameratene
34	723	Jonill Storøy - Øystein Vasset	Førde BK
35	577	John Helge Herland - Daniel Ueland	Stavanger BK - Nærø BK
36	435	Jørn Fjæstad - Gunnar Pettersen	Moss BK - Sarpsborg BK
37	365	Jens Kaltenborn - Werner Øverli	Sinsen BK - Vestre Gausdal BK
38	362	Arne Vermund - Per Ove Moe	Lillehammer BK - Brufoss BK
39	269	Jan Løvfall - Frode Lange Nielsen	Bislett BK - Kolbotn BK
40	265	Erik Ragnhildrød - Ludvig Kristoffersen	Frøya BK - Fillan BK
41	257	Tore Heitun - Finn Arthur Gjone	Nøtterøy BK
42	229	Arvid G. Lillejord - Ronny Kolnes	Farsund BK
42	229	Elisabeth Eikeland - Bjørn Müller	Åsane BK - Bergen Akademiske BK
44	226	Per Tjelmeland - Elisabeth Solum	Mo BK
45	164	Paul Bang - Birger Pedersen	Stavanger BK - Haugesund BK
46	147	Einar Asbjørn Brenne - Tor Einar Erlandsen	Heimdal BK - Mostadmark BK
47	144,5	Oddmund Midtbø - Tor Hildre	Askøy BK - Skien BK
48	-15	Didrik Ueland - +	Nærø BK
49	-37	John Kristen Våge - Morten Haugen	Berkåk BK - Åsane BK
50	-62	Simon Rasmussen - Lars Erik Thomassen	Ski BK - Kolbotn BK
51	-150	Tor Inge Iversen - Viggo Nordvik	Bridgekameratene
52	-184	Wibeke Andersen - Ranja Sivertsvik	Narvik BS - Vadsø BK
53	-297	Lise Aasland - Knut Kiste	Skien BK - Lågen BK
54	-332	Bjørn Ivar Lange - Ingeborg Grimsmo	Molde BK - Skåla BK
55	-346	Jarle Mikkelsen - Stig Melbø	Vestre Gausdal BK
56	-509	Ingunn Uran - Susann B. Farstad	TopBridge BC - BK Grand
57	-522	Niels Chr. Nielsen - Kolbjørn Høie	Kolbotn BK

58	-653	Eva Lund - Per Storjord	Alta BK - Ski BK
59	-663	Tor Ivar Bang - Ketil Andre Olsen	Brønnøysund BK
60	-775	Jan Thorbjørnsen - Jan Erik Alm Bendiksen	Åsane BK
61	-885	Sigurd Østebøvik - Frode Tveito	BK Augvald - Odda BK
62	-886	Rune Svensli - Per T. Stokke	Molde BK
63	-925	Norman Birkelund - Raymond Jensen	Glomfjord BK
64	-980	Borgar Lunheim - Per Jørgen Ohren	Tynset BK
65	-1053	Magne Pedersen - Eirin T. Aune	Spar-Ess
66	-1130	Geir Hogne Bonsaksen - Tor Arne Reppen	Mo BK
67	-1147	Randi Nyheim - Jorunn Feness	Nøtterøy BK - Sandefjord BK
68	-1196	Martin Ivar Henden - Anders Egil Henden	Nordfjordeid BK
69	-1252	John Vegard Aa - Vegard Hermansen	Bergen Akademiske BK
70	-1387	Finn Leiang - Roar Larsen	Svestad BK - Nesodden BK
71	-1407	Rune Veum - Jonny Gjerde	Gaupne BL - Skjolden BK
72	-1435	Jan Arild Olsen - Tore Marskar Eek-Jensen	Arendals BK
73	-1472	Jo Ketil Hamrum - Arve Bjørn Røneid	Hafslo/Solvorn BK - Gaupne BL
74	-1474	Sigurd Frydenlund - Tom Stenbakk	Lørenskog BK
75	-1646	Lasse Båstad - Kjell Erik Brandstadmoen	Otta BK
76	-1647	Marius Skree - Tommy Søiland	Lyngdal BK - Nærø BK
77	-1830	Bjørn Tore Hallén - Sven Åge Lund	Kolbotn BK
78	-1959	Frédéric Wilt - John Berger	Psycho BK - Bridgekameratene
79	-2021	Kari Kjosasaas - Inge Bjerkestrand	Norheimsund BK - Møstknektenes
80	-2049	Iwona Larssen - Lisbeth Aulid Eide	Sarpsborg BK
81	-2197	Per Willy Watz - Rolf Høyland	Svestad BK - Rognan BK
82	-2232	Flemming Johnsen - Eldar Sletsjø	Fredrikstad BK - Lågen BK
83	-2251	Eva Hagen - Anne Marit Borg	Honnør Formiddagsbridge - Kløver Ess
84	-2277	Ole Årland - Laila E. Årland	Austevoll BK
85	-2280	Daniel Bjørgo - Lisbeth K. Glærum	Bergen Akademiske BK
86	-2513	Ola Granøien - Kjell Ruud Hansen	Lørenskog BK
87	-2617	Terje Hildremyr - Morten Rolfsen	Brattvåg og Søvik BK - Stranda BK
88	-2640	Milan Milovic - Børre Nilsen	Sinsen BK
89	-2878	Jan Roger Nøkleby - Amund Flo	Sinsen BK
90	-2965	Kari Bakke - Alf Dalland	Bergens BK - Lysverkenes BK
91	-3537	Espen Haugstad - +	+
92	-3736	Alice Heitmann - Jo Bjørke	Ringebu/Fåvang BK

## Resultat Sideturnering 11

Plass	Navn	Klubb	Poeng	%
1	Arild Jakobsen - Ann-Elin Danielsen	Sortland BK/Vestvågøy BK	30.0	61.90%
2	Ralph Buchmann - Per Heide	Trondhjems BK/BK Munken	29.0	61.51%
3	Helge Bjaaland - Per Ongstad	Astra/ABC	27.0	60.71%
4	Kjell Olav Granmo - Øystein Garvik	BK Hein 46	14.0	55.56%
5	Per Øyvind Furuheim - Ranveig Andresen	Vestre Gausdal BK/Ringebu/Fåvang BK	6.0	52.38%
6	Olav Lillebuen - Svein Høyland	BK Sølvknekt/Gulen og Masfjord BK	5.0	51.98%
7	Egil Inge Reitan - Kjell Håvard Raanes	Odda BK/Meldal BK	4.0	51.59%
8	Erling Danielssen - Reidar Kjenes	Melandsknekten BK	2.0	50.79%
9	Helge Magnus Erdal - Geir Arne Tverlid	Samnanger BK	-9.0	46.43%
10	Jarle E. Jørgensen - Kåre Dahl	Trondhjems Arbeiderforenings BK	-16.0	43.65%
11	Tron Håland - Randi Bendtsen	Gandal BK	-18.0	42.86%
12	Inge Kvarven - Kurt Langhelle	Stord BK/Haugesund BK	-22.0	41.27%
13	Bernt Reppe - Sverre Eliseussen	Lillehammer BK/Club de bridge Canaribridge	-24.0	40.48%
14	Jan Arnøy - Rigmor Klink		-28.0	38.89%

## Resultat Krets 6

Plass	Poeng	%	Navn	Klubb
1	36,4 *	57,2	Ronny Korsmo - Christian Vennerød	Jessheim BK
2	32,1 *	56,4	Sigmund Sæbø - Robert Veland	Åsane BK
3	30,3 *	56	Bjørn Svela - Reidar Idsø	Klepp BK
4	30,0 *	55,9	Sjur Wie - Toril Anita Espe	Førde BK
5	22,1 *	54,4	Siv Hamstad - Willy Roger Ottemo	Harstad DBK - Harstad S&BK
6	17,6 *	53,5	Gunnstein Fjellheim - Synnøve Balevik	Vik BK - Balestrand BK
7	-2,5 *	49,5	Torill Haakenstad - Marit Hjerkinn	Ski BK - BånnSki BK
8	-6,8 *	48,6	Eirik Trontveit - Edvard Tonning	Førde BK
9	-15,3 *	47	Thomas Simavik Bremnes - Helge Bremnes	Studentenes BK - Molde BK
10	-18,2	46,4	Jens Sjøthun - Steinar Grøneng	Balestrand BK
11	-19,2 *	46,2	Reidar Lerbrekk - Odd Arild Varhaug	Nærø BK
12	-22,3 *	45,6	Herold Kråkenes - Inge Aasen	Måløy BK - Nordfjordeid BK
13	-24,7 *	45,1	Mons Iver Hestnæs - Axel Mathiesen	Hamar BK
14	-28,0 *	44,4	Einar Per Salmo - Arne Gothi	Ølen BK - Sauda BK
15	-32,5 *	43,5	John Hestad - Magne Kammen	Trondhjems BK